



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Steigedal, 71 25 84 80

Stordal kommune - oppstartsmelding av skogvern ved Yste Skotet

Fylkesmannen melder i samsvar med naturmangfaldlova § 42, oppstart av eit arbeid med frivillig skogvern i Stordal kommune.

Verneplanarbeidet skjer med grunnlag i vedtak i Stortinget om å auke skogvernet og er såleis ein del av Regjeringa si satsing for meir skogvern.

Tilbodet om vern kjem frå grunneigar på gnr. 114 bnr. 1 i Stordal kommune. Det omfattar eit areal på ca. 1680 dekar skog.

Gjennom denne meldinga er det ønskeleg å få fram mest mogeleg kunnskap og informasjon om bruken av området, brukarinteresser, eventuelt også om til dømes kulturverdiar og anna som det kan vere aktuelt å vite om og ta omsyn til ved utarbeiding av eit endeleg verneplanframlegg.

Det naturfaglege grunnlaget for verneframlegget er basert på undersøkingar gjort av Dag Holtan i 2011. Lokaliteten har verdi B (viktig) fordi den har eit bra areal med intakt og gammal naturskog, samstundes som her er eit reelt potensial for funn av fleire raudlista soppar, både marklevande og vedbuande. Teigen har namn Storfjorden: Vollvikneset og dominerast av gammal furuskog med innslag av gammal lauvskog og rik edellauvskog. Vegetasjonen varierer frå blåbær- småbregneskog og går over i røsslyng-blokkebærskog på tørrare ryggar. I edellauvskogen er det innslag av rikare lågurtskog. Gammal til middelaldrande furu dominerer tresjiktet med mange døme på grove dimensjonar. Både liggande og ståande daud er vanleg og utbreidd i heile teigen, sjølv om det oftast ikkje er snakk om store mengder eller er kontinuitet for dette elementet.

Hovudformålet med vern er å sikre eit biologisk verdfullt skogsområde som ein del av naturarven. Eit vern som naturreservat inneber den strengaste verneforma etter naturmangfaldlova, og konsekvensen er eit forbod mot alle tiltak som kan endre naturmiljøet.

Dei naturfaglege data viser at området har kvalitetar for vern som naturreservat. Etter avtale med grunneigarane og ALLSKOG melder fylkesmannen oppstart av ein verneplanprosess for området. Det er ein føresetnad for vern at det vert inngått avtale om erstatning.



Vedlagt følger kart som viser området (./.).

Dette brevet med oversiktskart er lagt ut på Fylkesmannen i Møre og Romsdal si nettside under «Høyringar». Dersom det er andre enn dei som er med på adresselista som bør få meldinga tilsendt, vil vi vere takksame for å bli informert om det.

Etter innspelsfasen, vil det bli laga eit verneframlegg med verneforskrift og tilhøyrande vernekart. Dette blir sendt på høyring med ein frist på om lag 2 månader. Vedtak om vern kan tidlegast skje hausten 2019. Eventuelle spørsmål om verneplanarbeidet kan rettast til fylkesmannen, postboks 2520, 6404 Molde, evt. på e-post fmmrpostmottak@fylkesmannen.no.

Fristen for å kome med merknader/innspel til denne meldinga er 25.04.2019.

Dersom kommunen eller andre har behov for ei nærmare drøfting av saka før eit verneframlegg blir sendt på høyring, er det ønskeleg å bli kontakta om det så snart som mogleg. Melding om å starte opp verneplanprosessen vert også kunngjort i Sunnmørsposten. Dette brevet vert sendt på e-post til dei vi har adresse på.

Med helsing

Ola Betten (e.f.)
fagansvarleg

Hege Steigedal
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Stordal kommune - kart av skogvernforslag ved Yste Skotet

Kopi til:

**MILJØDIREKTORATET
ALLSKOG SA**

**Postboks 5672 Torgarden
Ingvald Ystgaards veg 13A**

**7485 TRONDHEIM
7047 TRONDHEIM**



Mottakar:

SPRÅKRÅDET	Postboks 1573 Vika	0118	OSLO
RIKSANTIKVAREN	Postboks 1483 Vika	0116	OSLO
NORSK ORNITOLOGISK FORENING	Sandgata 30B	7012	TRONDHEIM
NORSK BOTANISK FORENING	Postboks 1172 Blindern Naturhistorisk museum	0318	OSLO
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND MØRE OG ROMSDAL	Skaret	6422	MOLDE
NTL KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTE MENTET	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
DEN NORSKE TURISTFORENING	Youngstorget 1	0181	OSLO
STATKRAFT SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
STIFTELSEN NORSK INSTITUTT FOR NATURFORSKNING NINA NORGES LUFTSPORTFORBUND	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Møllergata 39	0179	OSLO
NTL VEG REGION MIDT-4504	Postboks 2500	6404	MOLDE
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV I MØRE OG ROMSDAL	v/ Statens vegvesen Statens hus	7468	TRONDHEIM
NIBIO - NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI	Idrettsvegen 2	6413	MOLDE
FRILUFTSRÅDENES LANDSFORBUND	Postboks 115	1431	ÅS
NORSK ZOOLOGISK FORENING	Eyvind Lyches vei 23B	1338	SANDVIKA
NORSK BERGINDUSTRI NORGES HANDIKAPFORBUND	Postboks 6731 Etterstad	0609	OSLO
NORGES FJELLSTYRESAMBAND	Postboks 7072 Majorstua	0306	OSLO
STORFJORDENS VENNER	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
NORSK INDUSTRI NATUR OG UNGDOM	Stortingsgata 30	0161	OSLO
	Gjørvahaugane 35	6216	GEIRANGER
	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO



FORSVARSBYGG	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
NORGES	Postboks 593	5806	BERGEN
MILJØVERNFORBUND			
NATURVERNFORBUNDET I MØRE OG ROMSDAL	c/o Øystein Folden Rasta 4	6630	TINGVOLL
UNIVERSITETET I TROMSØ - NORGES ARKTISKE UNIVERSITET	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
STATENS KARTVERK	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
NORSK ORGANISASJON FOR TERRENGSYKLING	c/o Tore B Lundemo Åsløkkveien 24	1341	SLEPENDEN
NORGES	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
SKOGEIERFORBUND			
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
UNIVERSITETET I OSLO	Postboks 1072 Blindern	0316	OSLO
NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	Akersgata 41	0158	OSLO
NORGES	Mariboegate 8	0183	OSLO
NATURVERNFORBUND			
NORGES JEGER OG FISKERFORBUND	Postboks 94	1378	NESBRU
NORGES TEKNISK-NATURVITENSKAPELIGE UNIVERSITET NTNU	Høgskoleringen 1	7491	TRONDHEIM
AVINOR AS	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
MØRE OG ROMSDAL BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	c/o Stein Asle Brubæk Brakstadstranda 345	6636	ANGVIK
ISTAD NETT AS	Plutovegen 5	6419	MOLDE
STATNETT SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
NORGES MILJØ- OG BIOVITENSKAPELIGE UNIVERSITET (NMBU)	Postboks 5003	1432	ÅS
NORSKOG	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
NHO REISELIV	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
NORSK SAU OG GEIT	Postboks 104	1431	ÅS



NORGES ORIENTERINGSFORBUND	Postboks 5000	0840	OSLO
MØRE OG ROMSDAL SAU OG GEIT	c/o Marianne Elisabeth Eltvik Rodalsvegen 250	6686	VALSØYBOTN
NTL VEG VEGDIREKTORATET	Brynsengfare 6A	0667	OSLO
STATSKOG SF	Postboks 63 Sentrum	7801	NAMSOS
NORGES BONDELAG	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
SABIMA	Mariboegate 8	0183	OSLO
NORSK BIOLOGFORENING (BIO)	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
LUFTFARTSTILSYNET	Postboks 243	8001	BODØ